

Eksamen

01.06.2021

DTE2002 Design og produktutvikling

Programområde: Design og tekstil

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å: <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysingar på oppgåva• trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• bruke døme der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg måte

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

Tema: munnbind med dekor

Du har fått eit oppdrag av ein klesbutikk i byen/bygda der du bor. Butikken ønskjer at du skal designe munnbind med dekor. Munnbinda skal produserast i ei lokal tekstilbedrift. Målgruppa er ungdom, og munnbinda skal brukast for å beskytte dei i det aktive livet deira.

Når det gjeld dekoren, skal du la deg inspirere av byen/bygda du bor i. Du står fritt i valet av dekorteknikkar. Med omsyn til forma på munnbindet må du tenkje funksjon.

Format gjennom heile oppgåva: A4

Oppgåve 1

- Du skal skissere tre ulike forslag til munnbind. Her må du tenkje på form og dekor.
- Vel ut ei av skissene som du skal arbeide vidare med i denne oppgåva. Grunngi dette valet.

Du skal no arbeide fram tre ulike **fargeforslag** med utgangspunkt i Ittens fargekontrastar.

- Beskriv kva for kontrastar du har valt å bruke i fargeforslaga dine.
- Sei noko om samanhengen mellom kontrastane du har brukt, og det uttrykket du ønskjer at munnbinda skal ha.

Oppgåve 2

- Du skal bruke minst to ulike dekorteknikkar i gjennomføringa. Beskriv teknikkane du vil bruke for å få fram det ønskete uttrykket. Grunngi valet.
- Teikn arbeidsteikning med analyse av munnbindet. Bruk faglege ord og omgrep.
- Lag ei produksjonsrekkjefølgje for korleis du vil produsere munnbindet.

Oppgåve 3

Ønsket ditt er at munnbinda skal setjast i produksjon, og du skal no overtyde eigarane av den lokale butikken om dette. Lag ein presentasjon for å selje inn ideen din til butikken.

Presentasjonen skal innehalde dei tre munnbinda med ulike fargeforslag, produksjonsteknikkar og materialval.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne synspunktene dine og forslagene dine til løsninger på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig måte

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!

Tema: munnbind med dekor

Du har fått et oppdrag av en klesbutikk i byen/bygda der du bor. Butikken ønsker at du skal designe munnbind med dekor. Munnbindene skal produseres i en lokal tekstilbedrift. Målgruppen er ungdom, og munnbindene skal brukes som beskyttelse i deres aktive liv.

Når det gjelder dekoren, skal du la deg inspirere av byen/bygda du bor i. Du står fritt i valget av dekortechnikker. Med hensyn til formen på munnbindet må du tenke funksjon.

Format gjennom hele oppgaven: A4

Oppgave 1

- Du skal skissere tre ulike forslag til munnbind. Her må du tenke på form og dekor.
- Velg ut en av skissene som du skal arbeide videre med i denne oppgaven. Begrunn dette valget.

Du skal nå arbeide fram tre ulike **fargeforslag** med utgangspunkt i Ittens fargekontraster.

- Beskriv hvilke kontraster du har valgt å bruke i fargeforslagene dine.
- Si noe om sammenhengen mellom kontrastene du har brukt, og det uttrykket du ønsker at munnbindene skal ha.

Oppgave 2

- Du skal bruke minst to ulike dekortechnikker i gjennomføringen. Beskriv teknikkene du vil bruke for å få fram det ønskede uttrykket. Begrunn valget.
- Tegn arbeidstegning med analyse av munnbindet. Bruk faglige ord og begreper.
- Lag en produksjonsrekkefølge for hvordan du vil produsere munnbindet.

Oppgave 3

Ditt ønske er at munnbindene skal settes i produksjon, og du skal nå overbevise eierne av den lokale butikken om dette. Lag en presentasjon for å selge inn ideen din til butikken.

Presentasjonen skal inneholde de tre munnbindene med ulike fargeforslag, produksjonsteknikker og materialvalg.



www.vigoiks.no/eksamen